



Statens vegvesen

NOTAT

Til: **Vegseksjonen v/ Tom Tverli**
Kopi: **Nils Erling Skålvik**

Oppdrag:	Fv. 354	Dato:	10.06.2016
Oppdragsgivar:	Vegseksjonen Møre og Romsdal		
Planfase:	D/V	Geot. kategori:	1
Kommune:	Halsa	Vegnr:	Fv. 354
UTM 33 ref:	N7014640, A177100	HP:	01
	EUREF89	Km:	5,26
Utarbeidd av:	Ove Strømme	Sign.:	
Kontrollert av:	Navn	Sign.:	

Fv. 354 hp1 km 5,26 **Utrasing av steinmur i Valsøyfjorden**

ORIENTERING

Steinmuren rasa ut 6 m lengde (i toppen) den 5. juni. Tom Tverli, Nils Erling Skålvik og Ove Strømme var på felles synfaring 9. juni.

Vegen er innsnevra, men trafikk kan passere i indre felt. Dekkebreidda på tilstøytande veg er om lag 6 m.

Det vart observert deformasjonar i toppen av muren i 2014 og Gunnar Djup skreiv då eit notat med forslag til tiltak på øvre del.

OBSERVASJON

Vegnivået er mellom kote 4 og 5 i følge kartet. Utrasinga går litt under kote 0. Lengda i toppen er 6 m og går i ein spiss ned mot botnen. Det er oppsprukke berg på begge sider av utrasinga. I sjønivå er det 2 – 3 m mellom bergknausane. Botnen har bratt fall utover i sjøen.

KONKLUSJON / TILTAK

På synfaringa vart ein einig om å sette inn bergboltar litt over sjønivå på begge sider av utrasinga (3 m lengde, 32 mm diam.) Om lag 1 m av bergboltane bør stikke ut.


Region midt - Ressursavdelinga – Berg- og geoteknikkseksjonen

På sørsida av utrasinga bør ein i tillegg sette inn lengre bergboltar frå sjøsida vinkelrett på vegen for å sikre den oppsprukne bergknausen.

Det blir sett opp ei vertikal endeforskaling om lag som skissert på foto. Bak denne blir det støypt eit fundament for tørrmur. Toppen av fundamentet bør ha litt helling inn mot vegen (ca. 1:10) og ein må legge inn drenerør med fall mot sjøen gjennom fundamentet.

Bergboltane må eventuelt bøyst slik at dei stikk inn i fundamentet og får tilstrekkeleg avstand frå forskalinga.

Over betongfundamentet blir det mura opp tørrmur. Denne skal ha minst 1,5 m breidde i botnen og fronthelling 3:1. Muren bør settast så langt ut at det blir plass til å sette ned rekkverkstolpar bak tørrmuren. Bakfyllet må vere gradert sprengstein eller pukk.



Deformasjon litt lengre sør

20 – 30 m sør for utrasing er det stein på veg ut i nedre del av muren. Her er det ein liten terskel i sjøbotnen litt under kote 0. Det kan vere verdt eit forsøk å legge opp eit par rader med stein på utsida av eksisterande mur for å hindre vidare deformasjon. Det kan også vere eit

alternativ (eller tillegg) å spenne bergband over dei utpressa steinane, om lag som skissert på foto.



REFERANSAR

Fv. 354 Valsøyfjord – Skade på mur/veg. Sveisnr. 2014025904-1

SVV handbok V220, Geoteknikk i vegbygging, kap. 9

SVV handbok V270 Tørrmuring med maskin